

Referat frå FAU møtet 11.mai

Tilstade: Berit Eckhoff Husøy, Berit Midthaug, Hilde Merete Havnen Skarshaug, Wenche Cicilie Dahl Småge, Cecilie Sæthre Rønstad, Ellen Falkhytten Engstad, Jan Kåre Stubseid, Stein Ola Olsen, Sonja Holen, Pål Ruben Varhaugvik, Krystof Kowalski, Bodil Grindvik Fornes, Linda Larsen Eckhoff, Rune Skeide, Aaslaug Søreide, Kristine Hoksnes, Heidi Falkhytten, Jostein Vengen og Mari Lotte Julnes

Frå ungdomsrådet : Ole A. Julnes, Gabriella Angel og Lene Marita Ræstad.

- Ungdomsrådet hadde to saker/spørsmål dei ville leggje fram for FAU:
 1. Kva retningslinjer skulen har i forhold til om ein mobil blir borte frå eit mobilhotell.

Svaret frå møtet var at kontaktlærer eller faglærer er ansvarlig for at mobilhotellet bli låst og telefonane vert levert ut til rett eigar. Om ein mobiltelefon blir sakna så ser skulen på kvar enkelt sak som oppstår på lik line med andre materielle ting som blir sakna, og blir handsama individuelt.

2. Kva retningslinjer har skulen i forhold til kva lærarane har lov å sjå etter i skapa til elevane.

Svaret frå møtet var at dette bygger på tillit, om ein elev ikkje leverar mobilen til mobilhotellet so kan kontaktlærer til dømes stille spørsmål til foreldra om det er slik at elevane ikkje har med seg telefon på skulen. Bruk av mobilhotell har gradvis gått seg til og elevane bruker det no.

- 17.mai
 - 9.klasse har alt under kontroll og dei arbeidar med å få på plass «Vipps» som alternativ betaling på skulen under 17.mai..
 - Det kom forslag om at FAU har eit eige visa kort til utlegg. Dette vil bli vurdert ved ei seinare anledning.

Eventuelle saker:

- Det har blitt sendt brev til rådmannen frå FAU til budsjettet til skulen. Det er ønske om å auke helsesøster tilbodet og tilbod om psykolog. Brevet vart lest opp på møtet. Om dette vert innvilga så vil det gå av helsebudsjettet. Sjå vedlegg for å lese heile brevet.

- 18. og 19. mai er det «1000 likes» for 7.kl og 8.kl. Det vil bli foreldremøte for foreldra kvelden den 18.mai. Foreldre frå fleire klasser kan kome. Det kjem info om dette som ranselpost.
- Det vil bli tatt kontakt med SMISO (senter mot incest og seksuelle overgrep) for å høyre om dei kan komme på skulen for eit eige opplegg.
- Nye representantar og vara for 2.kl, 4.kl, 6.kl og 8.kl. Representantane for desse klassane er på val til hausten. Det er fint om dei som er representantar no prøver å få på plass nye representantar før sommaren.
- FAU ved Julsundet skule har eit eige «årshjul» for FAU. Dette er noko som blir tatt opp igjen til hausten for å få dette på plass ved Gossen barne og ungdomsskule.
- Det vart lest opp stikkord for kva det blir søkt om i budsjettet. Tidlig innsats(helsesøster, psykolog), adm.ressursar, lærebøker, mobilane til klassene treng å byttas ut, skyss til svømming, installere kamera utanfor skulen for å passe på skulen. Fast dekke på ein grusplass på baksiden av skulen som kan brukas i undervisninga. (Omsette matematikk i praksis.)